

Vedlegg til ”Søknad om tiltak; oppretting eller endring av matrikkelendring (deling).

Det omsøkte arealet er ein liten del, ca. 600 kvm, av ein teig som gnr. 110 bnr. 7, eig på vestsida av Syslakvågen. Omsøkt areal er merka på vedlagt kart., og synt på vedlagt foto. Heile teigen er i kommunen sin arealplan definert som LNF-område og omsynsareal for landbruk. Omsøkt areal ligg naturleg nok i 100-m sona, og er avgrensa av sjøen på eine langsida, veg på den andre, og i begge endar grensar det opp mot eksisterande naust.

Søknaden gjeld tiltak som er omtala i pbl. Kap. 20, og det vert søkt om dispensasjon etter § 19-1 i pbl. for å omdefinera eit areal på ca 600 kvm frå LNF/omsynsareal til naustføremål.

Tanken er å dela frå to parsellar av det omsøkte arealet til naustføremål. Storleik og plassering av parsellane vil ein koma attende til i samråd med kommunen sine erfarte oppmålarar, og i tråd med gjeldande retningslinjer.

Med tanke på komande generasjonsskifte ser eg det som viktig å gje komande generasjon tilgang til sjø og mogelegheit for fritidsfiske og båtliv/friluftsliv i ordna former, for å unngå framtidige interessekonflikter.

Det er lite truleg at det omsøkte arealet kan nyttast til landbruksføremål, korkje no eller i framtida. Ei frådeling vil etter mitt syn heller ikkje vera til meins for utnytting av resten av teigen til landbruk eller skogbruk.

Arealet er avgrensa av naust i begge endar, og kan såleis sjåast som ein del av eksisterande naustmiljø, og er då neppe definert som urort strandsone

Arealet kan heller ikkje, slik det no er nyttast til bading eller anna form for friluftsliv, og har dermed liten interesse for for almenheita. Vert området tilrettelagt/planert vil det betra tilgangen for folk flest, det kan t.d. verta mogeleg å sjøsetja kano el. for naturoppleveling i vågen og osane. Reint visuelt vil det også ta seg betre ut om området vert stelt og teke vare på.

Det er veg ned til parsellane, ein veg som i gamle utskiftningspapir er nemnd felles for alle brukar på garden. Utskilde parsellar vil få tinglyst rett til å nyitta seg av 110/7 sin rett til å bruka vegen. Det er høve til parkering på 110/7 sin grunn, fleire plassar enn det som er kravet, og utskilde parsellar vil få rett til å nyitta desse. I tillegg vil det truleg verta høve til parkering på parsellane sin grunn. Den omtala vegen går ut frå kommunal veg, Skårnesvegen, og det er søkt kommunen om utvida bruk av avkjørsla.

Eg vil også nemna at i førebuingane til kystsoneplane for Lindåsosane og Lurefjorden vart det invitert til høring og innspel. I den samanheng sende eg den 8. mars 2011 eit brev der eg sökte om at det no omsøkte arealet måtte definerast til naustføremål, og bad om tilbakemelding. Kopi av brevet vedlagt her. Dette brevet har eg aldri fått svar på (jfr. fvl. § 11 a). Slik sett kan denne søknaden sjåast også som ei klage på eller oppfølging av brevet frå 2011.

Syslak, 26.04.2016

Alfred Syslak.

Alfred Syslak

Kopi

Syslak, 8. mars 2011

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Vedr. Kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden
jfr. Vedlegg E: Silingstabell med alle innspel

Viser til mitt innspel som har nr. 13 i tabellen

Ser av silingstabellen at dette innspelet er merka som utgår.

Innspelet gjeld eit lite område inst i Syslakvågen, som etter mi mening skulle eigna seg godt til naustføremål.

Når det gjeld kriteria for naust er desse oppfylde:

- 1) Det er ikkje urørt strandsone
- 2) Der ligg nokre naust der frå gamal tid, som framleis er vedlikehaldne og i bruk
- 3) Det er grei vegtilkomst og parkeringstilhøve
- 4) Det er ingen konflikt med område for badeplass og/eller friluftsliv

Utfra vedlagte foto ser ein at området ikkje kan nyttast til ilandstigning frå sjøen slik det no ligg. Det er bratt, og veks til med buskar og kratt. Det er heller ikkje mogeleg å ta seg fram til fots langs strandlinja, men det er veg i bakkant av det omsøkte området.

Det som i silingsdokumentet er omtala som nausthytte er ikkje godkjent eller nytta som hytte, berre naustføremål.

Dette er det området der austre delen av Syslakgarden frå gammalt har hatt sin sjøtilkomst når ikkje isen har hindra, og det er ei lun hamn. Det er også det einaste området på vestsida av Syslakvågen der det er vegtilkomst.

Det framgår også av foto at området har ingen verdi til jordbruksføremål.

På grunnlag av ovannemnde ber eg derfor om at innspelet vert vurdert på nytt, og at det kjem inn i planen.

Dersom klagen mot formodning ikkje vert imøtekomen ønskjer eg ei grunngjeving, og vil høyra evt. motargument.

Eg føreset at ein må koma attende til plassering og utforming av naust på eit seinare tidspunkt.
Dersom det er bruk for opplysningar i tillegg kan eg treffast på tlf. eller nåast med E-post

Med venleg helsing

Alfred Syslak
Veråsvegen 434
5955 LINDÅS

tlf. 9575 3844
E-post: Alfred.Syslak@mongstadbase.no